



Rettleiing til bruk for evaluator for Støtteordning for opne norskspråklege tidsskrift

Utlysing for 2027-2030

Om dokumentet

Dette dokumentet gir ei utdjupande oversikt over kriterium og tilhøyrande vurderingsmoment. Det skal bidra til ei einsarta vurdering av søknader. Alle som er engasjerte til å vurdere søknader for Støtteordning for opne norskspråklege tidsskrift, er pålagde å følgje denne rettleiinga.

Vurderingskriterium

Kriterium 1: Den faglege relevansen og kvaliteten til tidsskriftet (30 %)

1.1 Tidsskriftet er vurdert av fagmiljøa som eit sentralt tidsskrift i forskingsfeltet eller forskingsfelta det representerer

Evaluator skal ta omsyn til følgjande faktorar:

- Søkar si eiga beskriving av tidsskriftet sin relevans i forskingsfeltet det representerer og størrelsen på forskingsmiljøet/-miljøa.
- Vurdering frå Nasjonalt publiseringsutval om i kva grad tidsskrifta er sentrale for det eller dei fagfelta dei representerer.
- Tal på unike nedlastingar av artikkelar dei siste tre årgangane som indikator på bruk og synlegheit.

1.2 Forskingsaktiviteten i Noreg har tilstrekkeleg omfang til å sikre jamn tilgang på vitskapelege artikkelar av høg kvalitet frå norsk forskning

Evaluator skal ta omsyn til følgjande faktorar:

- Tal på publiserte vitskapelege artikkelar dei siste tre årgangane.
- Tal på refuserte vitskapelege artikkelar dei siste tre årgangane.

1.3 Tidsskriftet publiserer artikkelar av høg forskingskvalitet

Evaluator skal ta omsyn til følgjande faktorar:

- Tidsskriftet si nivåplassering i Register for vitskapeleg publisering (Kanalregisteret).
- Søkar si eiga beskriving av forskingskvaliteten på dei publiserte artikkane.

Kriterium 2: Open tilgang og økonomisk behov (30 %)

2.1 Tidsskriftet har ein teknisk infrastruktur som sikrar god drift og tilfredsstillar diamant-kriteria for open tilgang på ein god måte.

Evaluator skal ta omsyn til følgjande:

- Søkar si beskriving av open tilgang, lisens og plattform.

2.2 Tidsskriftet har behov for økonomisk støtte for å publisere opent med minimum 50 prosent norskspråklege vitenskaplege artiklar.

Evaluator skal ta omsyn til følgjande:

- Søkar si beskriving av korleis tilskotet er avgjerande for å kunne publisere opent tilgjengeleg.
- Samanhengen mellom søknadsbeløp, publiseringsplan og behov for økonomisk støtte.

Kriterium 3: Norsk språk og tilknytning til norske fagmiljø (20 %)

3.1 Tidsskriftet publiserer i hovudsak på norsk

Evaluator skal ta omsyn til følgjande faktorar:

- Del av publiserte vitenskaplege artiklar på norsk, andre skandinaviske språk eller samisk dei siste tre årgangane.

3.2 Tidsskriftet sin redaksjon har ei tydeleg tilknytning til norsk fagmiljø.

Evaluator skal ta omsyn til følgjande faktorar:

- Hovudredaktør og/eller minst 50 prosent av redaksjonen kjem frå norske fagmiljø.

Delkarakter 4–7 skal som hovudregel tildelast tidsskrift som publiserer minst 50 prosent av dei vitenskaplege artiklane på norsk eller andre skandinaviske språk eller samisk.

Kriterium 4: Samfunnsrelevans og bruk utanfor akademia (20 %)

4.1 Tidsskriftet har interesse og relevans utanfor akademia i Noreg, og kan lesast og brukast der.

Evaluator skal ta omsyn til følgjande faktorar:

- Søkar si beskriving av i kva grad tidsskriftet har interesse og relevans utanfor akademia i Noreg, og kan lesast og brukast der.
- Andre typar artiklar eller tekstbidrag enn vitenskaplege artiklar.
- Tal på unike nedlastingar av artiklar dei siste tre årgangane.

Karakterskala

	Karakter
Framifrå	7
Tidsskriftet oppfyller vurderingsmomenta for det aktuelle kriteriet på en framifrå måte, med ingen forbedringspotensial. Støtte til tidsskriftet er grunnlagt på ein måte som klart utmerkar seg.	
Svært godt	6
Tidsskriftet oppfyller vurderingsmomenta for det aktuelle kriteriet på ein svært god måte, med svært få eller svært små forbedringspotensial. Søknaden har ingen vesentlege manglar, og er svært godt beskriven og grunnlagt.	
Meget godt	5
Tidsskriftet oppfyller vurderingsmomenta for det aktuelle kriteriet på ein svært god måte, men har enkelte forbedringspotensial. Tidsskriftet har likevel ingen vesentlege manglar og er meget godt beskriven og grunnlagt.	
Godt	4
Tidsskriftet oppfyller vurderingsmomenta for det aktuelle kriteriet på ein god måte, men har fleire forbedringspotensial eller manglar. Søknaden er elles godt beskriven og grunnlagt.	
Mindre godt	3
Tidsskriftet oppfyller vurderingsmomentene for det aktuelle kriteriet på ein mindre god måte. Søknaden er prega av betydelege forbedringspotensial eller vesentlege manglar, og framstår berre delvis godt beskriven og grunnlagt.	
Svakt	2
Tidsskriftet oppfyller vurderingsmomenta for det aktuelle kriteriet på ein mangelfull måte. Søknaden har avgjerande forbedringspotensial og/eller manglar, og framstår svakt beskriven og grunnlagt.	
Dårleg	1
Tidsskriftet oppfyller vurderingsmomenta for det aktuelle kriteriet på ein klart mangelfull måte. Søknaden er gjennomgåande dårleg beskriven og grunnlagt.	